



## **Referat til møte i FAU ved Nordbygdo ungdomsskule.**

**Tid for møtet: onsdag 10.02.2021, kl.18.00 – 19.00**

**Stad: Nordbygdo ungdomsskule, auditoriet**

Til: Camilla Frugård Lunde, Maria Rydningen Sørdal, Kari Braathen, Solveig Grønsdal, Randi Beate Hovland, Ingeborg Hageberg, Steinar Hårde, Kjell Inge Engevik, Einar Jakobsen, Brita Høyland

Fråverande: Camilla Frugård Lunde

### **1. Nytt kommunalt ordensreglement og tilpassa lokale reglar.**

Lokalt tilpassa ordensreglement vart presentert og gjennomgått. Det kom innspel om følgjande justeringar:

- Brot på reglane for bruk av mobiltelefon. Her ynskjer FAU at det skal vera ein konsekvens ved gjentekne brot på reglane om bruk av mobiltelefon. Skulen kan ikkje lengre holda att telefonar som vert beslaglagde – for så be føresette om å koma og henta desse. Ein er då redde for at elevane ikkje vil respektera gjeldande reglar grunna mildare konsekvensar ved regelbrot. Ein vil få merknad ved brot på reglar – som i sin tur kan føra til nedsett karakter i orden. Rektor vil rådføra seg med kommunejurist om me kan ha eit tiltak som kan verka meir avskrekkande enn nye gjeldande reglar.  
Det var ikkje andre kommentarar til det lokalt tilpassa ordenreglementet.

### **2. Korona-skule.**

Rektor orienterte om gjeldande organisering av opplæringa på gult nivå. Elevane er på skulen kvar dag, men har avgrensa område dei kan opphalda seg på. Det er omfattande krav til reinhald og handhygiene. Elevane kan ikkje vera sammen på tvers av trinn.

### **3. Anna.**

#### **Elevar opplev isolasjon og einsemd.**

Det har kome innspel frå føresette om at elevar opplev einsemd og dels isolasjon på fritida grunna avgrensa høve til kontakt med venner på fritida. Kari Braathen har i samband med dette funne fram forslag til aktivitetar føresette kan setja i verk for å aktivisera ungdomane på trinnet på fritida. Desse vart distribuerte på møtet til dei andre FAU-representantane. Ungdomsrepresentantane i SU fekk også desse forslaga – og vil ta dei med til Elevrådet. Her skal dei lodda stemninga for å få til dette – og evt koma med innspel til justeringar i tiltaka og forslag til aktivitetar. Skulen vil leggja til rette for å nytta deler av skulen utanom skuletida om dette er ynskjeleg. Flott tiltak!

#### **Foreldreundersøkinga.**

Skulen gjennomførde hauste 2020 Foreldreundersøkinga. Denne gongen vart dette gjort tilgjengeleg digitalt, noko som førde til mykje større oppslutnad enn tidlegare år. Heile 63% av føresette svarta på undersøkinga. Rektor gjekk gjennom dei spørsmåla der svarta viste lågast score. Desse områda var samstemde på alle trinn. Skulen vil ta tak i desse områda og koma tilbake til FAU og i samarbeid koma fram til forslag til endringar. Sjå vedlagd resultat av undersøkinga.

Vedlegg: Foreldreundersøkinga

Ref. Pål Roseth